

Til
 Radøy Kommune v/Skule og opplæring
 Radøyvegen 1690
 5936 MANGER

Tveiten, 040914

Fra
 Karen-Ann Ervik
 Hellandsvegen 78, 5936 Manger
 og
 Hege Bøe
 Hellandsvegen 102 , 5936 Manger

Søknad om gratis skuleskyss

Me er to barnefamiliar med til saman 8 born i og under skulealder som med dette søker om å få gratis skuleskyss til borna våre. Me bur i Hellandsvegen 78 og 102, på Tveiten. Frå Tveiten og til Manger er det litt over 2.5 km og dermed kjem me ikkje innunder grensa for gratis skuleskyss som er 4 km (Kun første klasse).

Me grunngjев denne søknaden med at vegen til skulen er svært farleg og me ynskjer ikkje å sende borna våre på sykkel eller til fots på denne vegen.

Her er nokre argument frå oss:

- På strekninga frå Tveiten til Manger er det svært få gatelys. Me har eit på Tveiten, ved buss skuret og neste kjem ved gamle Erstad Trevarefabrikk.
- Borna må krysse vegen ved Ishitset der det er 80 sone frå Birkeland. Her er ingen gangfelt og det er livsfarleg å krysse vegen både på høglys dag og ein mørk morgen.
- Det er ingen gang og sykkelveg på strekninga. Vegen er svært smal frå Ishitset og til Tveiten /Tveiten-Ishitset.
- Det er svært mykje tungtransport med store trailerar og lastebilar som kører på vegen grunna fabrikken på Sætre og sagbruket på Helland.
- Alle som bur i Mangers regionen og lengre innover, brukar denne vegen når dei skal på jobb på Mongstad og elles andre plassar på Austrheim. Dette fører til stor trafikk om morgonen og ettermiddagen.
- Bilar kører i svært høg hastighet på strekket frå Brondalstoppen og til buss skuret vårt på Tveiten, og motsatt veg. Fartsgrensa er 50, men alle på Tveiten kan bekrefte at bilane kører langt over denne fartsgrensa. Dette er noko som me ikkje har dokumentert, men det er mogeleg.
- Born på Dalland og Helland som også er under 4 km grensa får gratis skuleskyss pga farleg skuleveg. Me ser ikkje at vegen våre born skal ha til skulen er mindre farleg enn den disse andre borna har.
- Trafikk biletet har endra seg enormt sidan me (Karen-Ann og Hege) vaks opp på Tveiten. Me hadde aldri fri skuleskyss, men naboen i Nord Tveiten hadde. Det er mykje meir trafikk no enn før, og fart , størrelse på køyretøy osv er heilt annleis no enn før

Me håpar de vil vurdere å gi borna våre ein trygg og gratis skuleveg. Me har ingen å miste !!!!!!

Håpar på positivt svar og me er opne for evt samtale og meir dokumentasjon. Er også villig til å ha underskriftskampanje/demonstrasjon for å få dette gjennom.

Med venleg helsing
 Karen-Ann Ervik og Hege Bøe

Karen-Ann Ervik

Hege Bøe